

Klart for Kvinnheradsrennet i langrenn.

01.02.2016



Klart for Kvinnheradsrennet(arkivfoto)

**Det skiftande veret med store svingingar i temperatur og nedbør har gjort starten på langrennssesongen usikker. Førstkommande laurdag, 6. februar, vert det heilt sikkert renn. Då arrangerer Uskedal idrettslag kretsrenn saman med idrettslaget Ternen. Kor rennet vert, er framleis usikkert, men arrangørane har fleire reservearenaer.**

Dersom vergudane er i godlune, vert rennet arrangert i Tveitedalen. Dersom det ikkje let seg gjera å avvikla rennet der, vil rennet vera flytta til skisenteret i Fjellhaugen. Om det ikkje vert mogeleg å arrangera renn i Fjellhaugen heller, vil det vera flytta til Korlevoll. Endeleg avgjerd om arrangementstad vert teken onsdag denne veka, og gjort kjent her på uskedalen.no.

Rennet går i klassisk stil, og skigruppa oppfordrar alle som ønskjer å delta, om å melda seg på allereie no. Dei håpar mange vil vera med, og UIL betaler startkontigent for alle medlemmer. Dei held også skismurning og hjelper til med å få det på skia. Rennet tel også som karusellrenn.

Påmelding skjer [her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel